



Carola og Jorge slappar av i båthamna i Uskedalen etter ei stor naturoppleving. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi har egentleg planlagt å segla helt til Lofoten, men her står opplevingane i kø og eg trur ikkje vi kjem lenger enn til Bergen!

Det sa berlinaren Jorge Minarek til uskedalen.no, då han torsdag kveld kom attende til båten i Uskedalen frå ein spesiell dagstur saman med kona Carola. Onsdag tok dei bussen til Sundal, og gjekk sju timar opp til hytta Breidablikk der dei overnatta. Torsdag følgde dei sama rute ned att.

Dei var sveitte og slitne, men svært lukkelege og kunne ikkje få fullrost Uskedalen som utgangspunkt for ein så spanande utflukt.

- Det var heilt fantastisk å vera ved porten til Folgefonna med eit 360 graders panorama rundt seg, seier dei.

- Men det var kanskje kaldt sist natt?

- Det var vel rundt fem plussgrader, men det var berre herleg. Og så var vi heilt åleine. Det er fantastisk å koma frå ein myldrande by som Berlin og hit, Her er det jo nesten ingen, seier Carola og Jorge..

Jorge kom til Uskedalen med båten Zahir, som han har stasjonert i Greifsvald ved Østersjøen. Det er ein imponerende, 47 fot lang seglar som er svært rask – han gjer opptil 11 knop. Men så er da også Jorge ein i høgste grad profesjonell seglar – han fekk i 1994 andreplassen i Europameisterskapet for 10-meters racebåtar. Og ikkje nok med det – han er enda betre som is-seglar der han vart tysk meister i 2003. Som is-seglar har han vore i fleire land, også Sverige.

- Men no er eg 60 år og er berre aktiv som ferie-seglar, seier Jorge, som er i Noreg for andre gongen.

Første gongen vil han nesten ikkje nemne. Då kom han via Gøteborg til Oslo med ein liten motorbåt og returnerte same vegen.

Det er først no han satsar på å oppleva "det verkelege Noreg".

Av Ola Matti Mathisen